

# HYRDINGEN

NR. 3

Juni 2019

ÅRGANG 61

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Familiespeiding og familieKRIK på tur  
Les meir om dette side 16

Foto: Iselin E. Tveit

Presten har ordet	2
Pinsen - kyrkja sin fødselsdag	2
Redaksjonspennen	3
Flott gudsteneste og konsert	3
Takk til Tore Tokheim	3
Kyrkjevalet 8. og 9. september	4

Konfirmantbilete	8
Di stemme tel i Kyrkjevalet	10
Skjold kyrkje 20 år	11
Sommarleirar	12
Støtteannonser	13

Gudstenester	14
Frå kyrkjeboka	14
Møte og arrangement	15
Vikestølsmøtet	15
Overnattingstur i strålande sol	16

**HYRDINGEN:**

Ansvarleg: Steinar Skartland  
Tlf. 908 73 170  
Epost: redaksjonen@hyrdingen.no  
Bladpengar/gåver til Hyrdingen  
på konto: 3240.11.17937 og

VIPPS nr 53 14 72  
Adr. Skjold kyrkje  
Kleivavegen 2, 5574 Skjold

Layout/trykk:

Kai Hansen Trykkeri Avdeling Haugalandet

**SOKNEPRESTANE:**

Mandag er prestane sin fridag

**Soknepresten i Ølen**

Kari Vik Stuhaug  
Rådhusplassen 1, 5580 Ølen  
Tlf 53 65 65 41 / 472 53 529  
kari.vik.stuhaug@vindafjord.kommune.no  
Kontortid: Etter avtale

**Soknepresten i Skjold**

Kristian Kyllingstad, Skjold kyrkje,  
Kleivavegen 2, 5574 Skjold  
Mobil: 905 23 560  
kristian.kyllingstad@vindafjord.kommune.no  
Kontortid: Etter avtale

**Soknepresten i Vikedal**

Tsegayesus Hurisa Hunde  
Vikedal kyrkjekontor  
Kyrkevegen 11, P.box 40, 5586 Vikedal  
Tlf. 970 38 011  
tsegayesus.hurisa.hunde@vindafjord.kommune.no  
Kontortid: Torsdag 9 - 15

**Kateket Britt Karstensen**

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80  
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

**Organistar:**

Juri Kotkovitch: 416 46 183  
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

**Haugaland prosti:**

P.b. 612, 5501 Haugesund  
Tlf 52 80 95 00  
Prost Rune Steensnæs Engedal  
Mobil 918 34 019

**Kyrkjeverja i Vindafjord:**

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje  
Tlf. 53 65 57 93  
inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no  
Kontorass. Tove Standal Vaka  
Tlf. 53 65 57 96

**Soknerådsleiarar:**

Skjold og Vikedbygd:  
Brit Nelly Ness Tveit  
Ølen og Bjoa: Per Ølfarnes  
Sandeid: Tore Tokheim  
Vikedal: Andreas Andreassen  
Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim  
Vats: Grete Skeie Sørhus

**Presten har ordet**

Av sokneprest Tsegayesus Hurisa Hunde

**Herren er mitt lys og mi frelse**

Les teksten: Salme 27, 1-6

«*Herren er mitt lys og mi frelse, kven skulle eg ottast? Herren er eit vern for mitt liv, kven skulle eg frykta?*» (Salme 27,1).

Når vi les desse linjene tenkjer vi kanskje: Dette er orda til ein person som det har gått veldig bra for, ein som verkeleg er på solsida i livet. Han har det berre godt og ser inn i framtida utan den minste uro. Fordi det er lett for dei fleste av oss å synge og jubla når alt går bra med oss. Det er ikkje vanskeleg å takka og prisa Gud. Men her i teksten, er det ikkje tilfellet.

Dette verset stammar frå kong David, og han skreiv det i ei tid med forfølging og anfektingar. Dei neste linjene av salmen viser at han er omringa av fiendar. Han ser korleis dei trengjer seg på frå alle kantar. Korleis kan han då seja noko slikt? «*Herren er mitt lys og mi frelse, kven skulle eg frykta?*»

I salme 23 repeterer han same sak med følgjande utrykk: «*Om eg så går i dødsskuggens dal, er eg ikkje redd for noko vondt. For du er med meg. Din kjapp og din stav, dei trøystar meg.*»

David seier fram denne tillitsfulle vedkjenninga fordi han tildegar gong på gong har erfart hjelpe frå sin Gud. Han veit at nettopp i nauden,

når vi ikkje lengre ser nokon utveg, er Gud som næraast. For då merkar vi: Vi eig ikkje sjølv den krafta vi treng for å koma oss igjennom problema. Vi er avhengige av stadig å få ny styrke frå vår Gud. Han er vår frelse, vår redning. I denne verda sitt mørke har han lete lyset skina for oss gjennom Sonen sin. Han gjer ein ende på djevelen sine mørke gjerningar. Han fører lys inn i vårt liv, som er så forderga av synda. Han er verda sitt lys, som strekkjer seg ut mot oss og gjev oss tilgjeving.

David kan avleggja ei så tillitsfull vedkjenning fordi han også veit kor han kan henta stadig ny kraft for sitt liv. Han seier: «*Eitt bed eg Herren om, dette ønskjer eg: å få bu i Herrrens hus alle mine dagar, så eg kan sjå Herrrens venlek og vera i hans tempel.*» Der vil også vi henta kraft og styrke. Dette gjeld deg og meg som treng kraft og styrke både i tenesta og til dagleg. Guds kraft og lys er tilgjengeleg for alle som skal ha det. Vi er heldige at vi fekk lov til å tena herren og seja til alle som hører oss: «*Herren er vårt lys og vår frelse, kven skulle vi ottast? Herren er eit vern for våre liv, kven skulle vi frykta?*»

Ære vere Faderen og Sonen og Den Heilage Ande, som var og er og vera skal, éin sann Gud frå æve og til æve!

**Pinsen – kyrkja sin fødselsdag**

Pinsen er festen som markerer at Den heilage Anden vart sendt til disiplene.

Ordet pinse kjem av det greske ord «pentekoste», som betyr den femte, noko som gjev meinung når ein hugsar at pinse vert feira 50 dagar etter påske.

Opphaveleg var pinsen ein jødisk fest som markerte avslutninga på påsken og minna om mottakinga av de ti bod på Sinai, der Moses fekk lov-tavlene.

Dei første kyrkjelydane har sitt utspring i pinsehendinga. Difor kallar mange også pinsedagen for kyrkja

sin fødselsdag. I Det nye testamentet vert det fortald korleis Den heilage anden ti dagar etter Jesu himmelfart kjem over apostlane, som var samla for å feira den jødiske pinsefesten. På merkeleg vis blir dei i stand til å forstå og tala alle moglege språk. Deretter går dei ut i verda for å forkyne bodskapen om Jesus Kristus.

Bibelen fortel om Livets Gud som er skapar av alt, og som pustar sin eigen pust inn i mennesket si nase. Vi les at Guds ånd svevde over vatnet (1. Mos 1,2). På hebraisk kan dette også omsettast med 'ruga'. Anden ruga, den var med på å gje liv. Det er også pinsen si forteljing, det er ei ny skaping. (Kjelde: kirken.no)

**Redaksjons-PENNEN**

Av Steinar Skartland

**Våren er ei fest-tid**

Påske, Kristi Himmelfartsdag og Pinse gjev oss ekstra fridagar. Opphavelig for at vi skulle ha tid til å markera desse kristne høgtidene. Delta på gudstenester og markera dei hendingane som er sentrale i vår kristne tru. I tillegg har vi 1. mai, frigjerdingsdagen 8. mai, Grunnlovsdagen 17. mai, Unionsoppløysinga 1905 (7.juni) som er offentlege flaggdagar.

Då er det flott å sjå at det norske flagget kjem til topps på flaggstenger både ved offentlege bygg og ved private heimar. Det ikkje er sjølv sagt dette som vi markerer med flagget. Å kunna tru, seja eller skriva det vi har på hjarta, utan frykt for represalias eller fengsel. Å kunna delta i demokratiet og få gå til ein jobb der vi får løn og trygge forhold, eller få hjelp av samfunnet når ikkje alt går vår veg.

Det er også dei som tek til ordet for at desse dagane berre skal vera vanlege arbeidsdagar. Det er eg ikkje samd i. Livet er meir enn arbeid og stress. Det er trong for å kunna heisa flagget, kle seg fint og samlast i heimane i lag med familien, eller i større, offentlege samanhengar i bygd og by. Å minna kvarandre på at fridom og demokrati ikkje er sjølv sagt, men noko vi må gjera ein innsats saman for å få ha, også i framtida.

**Det er ditt val**

Til hausten er det val på sokneråd og bispedømmeråd. I kvart kyrjesokn skal det veljast lokale medlemmer i sokneråda. Før var nok dette ein status, nå slit ein med å finna nok kandidatar fleire stader. I Vikedal, Skjold og Vikebygd måtte dei til med supplerande nominasjon. Bjoa og Ølen er slegne saman til eitt sokn. Det er ikkje sjølv sagt å ha det vi har. Vi må vera viljuge til å engasjera oss, både i kyrkje, familie og samfunn. Takk for det du gjer!

God sommar.

**Flott gudsteneste og konsert i kyrkja**

Av Steinar Skartland

**Mange fann vegen til Vikebygd kyrkje søndag 14. april. Ein del høyde til i dåpsfamilien som fekk vandra inn i kyrkja til musikk og trommer. Det vart ei gudsteneste utanom det vanlege.**

Lydanlegg, instrument og eit stort ungdomskor hadde funne plass. Det var Norheimsund og Øystese Ungdomskor som var på påsketurne. I benkene var folk frå både Vikebygd og Skjold, og kanskje andre bygder



Konsert i Sandeid kyrkje.

**Takk til Tore Tokheim**

Av Steinar Skartland

med på ei vandring frå palmesundag til påskemorgonen. I avsluttinga ropa dei fram Tore Tokheim som vart takka med blomar og bilete for at han i tolv år har brukt ei av ferievekene sine, utan løn, til å vera sjåfør for ungdomskoret. Det har vorte ein tradisjon og i tillegg til at koret kunne takka han for skyssen, så går også vår takk til Tore og koret for at dei la fleire konsertar til kyrkjer på Haugalandet denne påskeveka.



# Kyrkja treng gode leiurarar – kven vil du gje di stemme?

I september avgjer medlemmene i kyrkja kven som skal sitja i bispedømmerådet og Kyrkjemøtet i perioden 2019-2023.



Frå Rennesøy

Meir utdjuande informasjon finn du på [kyrkja.no/stavanger](#) eller [kyrkjevalet.no](#). Informasjon om kva kandidatane og listene står for, presenterer dei sjølve på eigne nettsider.

**Kyrkjevalet**  
8.-9. sep. 2019

## Godt å vite om valet

### Kven kan stemme?

Medlemmer av Den norske kyrkja har stemmerett frå det året dei fyller 15 år. Du må vere døypt for å vere medlem i Den norske kyrkja. Nesten 3,1 millionar menneske har stemmerett ved Kyrkjevalet i 2019.

### Når og kvar er det val?

Kyrkjevalet blir halde 8. og 9. september 2019, samtidig med kommunestyre-/ fylkestingsvalet. Kyrkjevalet finn stad i eit lokale nær det offentlege valet. Du kan også stemme på førehand frå 10. august. Alle med stemmerett får i august eit valkort i posten med informasjon om kvar og når dei kan stemme.

### Kven kan du stemme på?

Du stemmer på kandidatar til soknerådet og til bispedømmerådet/Kyrkjemøtet. Kandidatane blir valde for ein periode på fire år. Ved val til sokneråd er det dei fleste stader berre ei valliste. I valet til nytt bispedømmeråd er det i Stavanger bispedømme tre lister å velje mellom.

### Kva gjer Kyrkjemøtet?

Kyrkjemøtet er «kyrkja sitt storting», og det øvste organet i Den norske kyrkja. Her blir alle bispedømmeråd samla i ei veke kvart år. Kyrkjemøtet bestemmer ordningar og liturgiar, og i den komande perioden vil det bli viktige saker om kyrkja si organisering.

### Kva gjer bispedømmerådet?

Bispedømmerådet er det regionale styringsorganet i kyrkja. Rådet tilset prestar og er arbeidsgjevar for desse og enkelte andre. Det arbeider for samordning av det kyrkjelege arbeidet i dei mange kyrkjelydane i bispedømmet. Medlemmene i bispedømmeråda utgjer samla Kyrkjemøtet.

### Kva gjer soknerådet?

Arbeidet til soknerådet spenner over mange tema. Det kan vere barne- og ungdomsarbeid, juss og økonomiforvaltning, tilsetjingar, guds-tjenester, miljø og rettferd, omsorg, musikk og misjon. Råda skal sørge for vekst og næring til kyrkja og lokalsamfunnet der du bur.

Sjå kven som stiller til val i kyrkjelyden og bispedømmet på [www.kyrkjevalet.no](#)

## Slik går du fram når du skal stemme

Kyrkjevalet har to val: Det eine er val til sokneråd og det andre er val til bispedømmerådet/Kyrkjemøtet.

I alle vallokala skal det vere ein stad der du i einerom og usett kan velje dei stemmesetlane du vil ha, og gjere endringar. Dette kan til dømes vere eit valavlukke eller eit eige rom.

1 Vel stemmesetlane du vil bruke, éin per val. Du kan stemme ved eitt val eller begge vala.

2 Gjer eventuelle endringar på stemmesetlane.

3 Brett stemmesetlane så ingen kan sjå kva du har stemt.

4 Du må vise legitimasjon. Valfunksjonæren kryssar deg av i manntalet og stemplar stemmesetlane.

NB! Stemmesetlane må ha stempel for å bli godkjende.

5 Legg stemmesetlane i valurna.

Ønskjer du meir informasjon?  
Sjå [kyrkjevalet.no](#)

**Kyrkjevalet**  
8.-9. sep. 2019

I Stavanger bispedømme  
er det tre lister ved  
bispedømmerådsvalet.

Listene er presentert  
alfabetisk. Kandidatane på  
kvar liste er presentert  
i prioritert rekkefølge.

### Bønnelista

Bønnelista vil føre vidare den bibelske trua og tradisjonen som Den norske kyrkja har vore tufta på sidan reformasjonen.

Alle avgjerdene i kyrkja må vere i tråd med Bibel og vedkjenning – kyrkja sitt grunnlag. Den norske kyrkja skal vere ein del av Guds synlege kyrkje på jorda.

Me ynskjer ei fornya kyrkje med medlemmer som har Jesus som Herre, og som søker Gud i bøn og tilbeding.

Me ynskjer ei leiing som er leia av Guds Heilage Ande, og som oppmodar alle til å tene Gud på forskjellige vis.

Me ynskjer sjølvstyre i dei lokale sokna, kor medlemmene i sokneråda blir kursa i kva det vil seie å vere ein disippel, drive kyrkjelydsplanting og bygge kyrkjelyd.



Magne Hersvik  
f. 1954, Stavanger  
Dagleg leiar



Birgit Johanne Skåland  
f. 1947, Moi  
Pensjonist



Olav Magnus  
Lundø  
f. 1955, Hauge i Dalane  
Bedriftssjukepleiar



Simon Pettersen  
f. 2001, Lye  
Student



Helen Eskeland  
f. 1974, Stavanger  
Gardbrukar



Karim Hamed  
Saffaran  
f. 1978, Sandnes  
Sivilingeniør



Beint Hansen  
f. 1945, Hauge i Dalane  
Forkynner



Gerd Håland  
f. 1965, Figgjo  
Frivillig



Kristoffer Nåden  
Havn  
f. 1997, Tau  
Frilansar



Berit Erfjord  
f. 1941, Moi  
Pensjonist



Jostein Ådnæs  
f. 1955, Stavanger  
Professor



Therese  
Egebakken  
f. 1998, Hafrsfjord  
Student



Arne Jon Myskja  
f. 1952, Nedstrand  
Prosjektdirektør



Torhild Nødland  
f. 1962, Sandnes  
Adjunkt



Aksel Johan Lund  
f. 1995, Åkrehamn  
Student



Liv Heidrun S.  
Heskestad  
f. 1951, Lye  
Pensjonist



Per Arne Sandvold  
f. 1949, Egersund  
Pensjonist



Turid Eikeland  
Tjora  
f. 1964, Sola  
Direktør



Anna Jorunn  
Garvik  
f. 1945, Sauda  
Pensjonist



Kjell Bårdsen  
f. 1956, Håvik  
Rådgjevar



Dorrit Vignes  
Isachsen  
f. 1984, Finnøy  
Organisasjonssjef



Rita Leinan  
f. 1960, Haugesund  
Kontorkonsulent



Svein Ingve  
Nødland  
f. 1955, Dirdal  
Seniorforskar



Beate Steinsvik  
Jansen  
f. 1994, Stavanger  
Student



Geir Dale  
f. 1951, Skudeneshavn  
Pensjonist




Laila Bergo  
f. 1971, Sola  
Førstekonsulent




Atle Blomgren  
f. 1970, Stavanger  
Seniorforskar



Aleksander Jørgen  
Roscins  
f. 1996, Stavanger  
Student



Kristine Brunvathne  
Bjerkestrand  
f. 1984, Hundvåg  
Avdelingsleiar



Daniel Bøhn  
Rayner  
f. 1992, Stavanger  
Rådgjevar

står for, skal nå fram til og røre ved forskjellige, alminnelige liv. Me ynskjer ei folkekirkje som er ein brei møteplass, med betydning for menneske i alle livsfasrar. Kirkja skal vere ein viktig kulturerbar og verdistemme i samfunnet.

Me som står på Open folkekirkje si liste er forskjellige menneske, i forskjellige fasar og med forskjellige erfaringar, men me står saman om Open folkekirkje sitt program.



Siri A. Meling  
f. 1963, Egersund  
Regiondirektør



Gro Steensnæs  
Håvåg  
f. 1948, Haugesund  
Pensjonist



Leif Christian  
Andersen  
f. 1984 Stavanger  
Ass. avd.sjukepleiar



Eirik Faret  
Sakariassen  
f. 1991, Stavanger  
Kommunalråd



Leif Olav Støle  
f. 1986, Bryne  
Lærar / student



Gunvor Ådnøy  
Eriksen  
f. 1997, Haugesund  
Student



Gaute Brækken  
f. 1979, Stavanger  
Dagleg leiar



Heidi Merethe  
Wolff  
f. 1969, Hommersåk  
Inspektør



Anne Marie Lund  
f. 1996, Sola  
Student



Sander Olsen  
f. 2000, Sandnes  
Skulelev

### Nominasjonskomiteens liste

Det er ein nominasjonskomité som har sett opp lista. Nominasjonskomiteen er valt av representantar frå sokneråda, med eit medlem frå quart prosti, samt ein ungdomsrepresentant vald av Ungdomsrådet i bispedømmet.

Lista er utarbeidd på bakgrunn av forslag frå dei lokale sokna i bispedømmet og frå medlemmene i nominasjonskomiteen. Nominasjonskomiteen har lagt vekt på at lista skal vere representativ når det gjeld geografi, kjønn og alder. Det er vidare lagt vekt på å oppnå ei breidde i kandidatane sine syn på aktuelle kyrjelege spørsmål. Dei enkelte kandidatane presenterer sjølvé sakene dei vil engasjera seg spesielt for.

Ei felles sak for alle kandidatar på nominasjonskomiteen si liste er arbeid for den lokale kyrkja sitt beste.

### Open folkekirkje

Open folkekirkje vil at Den norske kyrkja skal utviklast vidare som ei open og demokratisk folkekirkje.

Open folkekirkje vil arbeide for ei kyrkje som er open for alle, som fremjar menneskeverdet og som arbeider mot diskriminering.

«Heilage rom – for alminnelege liv». Me vil arbeida for at den kjærleiken Jesus

## Ølen

Fotograf: Rolf Øyjord



Bak f.v.: Sebastian Grøvdal, Tobias Tverå, David Berntsén, Bjørnar Halsnes Steinsland, Kristoffer Ebne, Håvard Heggebø Tveita, Håvard Berge, Tobias Aarekol, Daniel Davidsen Matre, Marius Matre Stople. I midten f.v.: Prest Kari Vik Stuhaug, Sara Lunde, Elias Dalaker Miljeteig, Thomas Totte, Frederik Matre Søvik, Simen Blikra Johansen, Christian Eitrheim-Jonas, Thea Steinsland, Silje Matre Holven, Andrea Eidsheim, Andrea Klungland Halbrend, Sofie Haugland Rødne, kateket Britt Karstensen. Framme f.v.: Elina Nesse Kvinneland, Stina Kirketeig, Stina Marie Lunde, Cathrine Søndenå, Synne Dyngeland, Ingeborg Hundhammer, Inger Hiksdal Øglænd, Malena Eskeland Langhelle, Martine Vaka Hovland, Helena Digernes Matre, Malin Berge Fjæra.

## Vats

Fotograf Nordtveit



Første rekke f.v: Marita Krakk Eikje, Mari Haslemo, Malin Strand Jensen, Julianne Otelie Stokland. Andre rekke f.v: Silje Bringsvor Krakk, Tone Krakk Døvik, Ingeborg Nordtveit, Celina Gabrielsen, Lena Utaaker. Tredje rekke f.v: Sokneprest Kristian Kyllingstad, Andreas Landa, Jon Eirik Lea-Koltveit, Sander Nesheim Fuglestein, Stefan Jinopong Skrede, Stian Røysland Døvik.

## Vikedal

Fotograf Nordtveit



Framme f.v: Prest Tsegayesus Hurisa Hunde, Mariann Staurland, Malene Hallingstad Rønnevik, Silja Golf. Bak f.v.: Håkon Opsal, Viljard Birkeland, Ricards Jancevskis, Jardar Ståpa Grimås, og Tobias Helgesen.

## Vikebygd

Fotograf Nordtveit



Første rekke f.v: Mira Emilie Bjordal, Hellen Espedal, Undine Hamre Tindeland, Mathilde Alne. Andre rekke f.v: Caroline Thorland Bjørnevik, Alida Frøvik Svendsbøe, Tina Larsen, Sokneprest Kristian Kyllingstad.

## KONFIRMANTAR 2019

## Sandeid



Framme f.v.: Maria Antonette Bakkedal Bjelland, Veslemøy Eknes Bakkedal, Mari Vestbø, Ingeborg Stople, Eva Skeie. Bakerst f.v.: Anders Gjerde, Marthin Miljeteig Svendsen, Mathias Kaldheim, og prest Tsegayesus Hurisa Hunde.

## Skjold

Fotograf Nordtveit



Første rekke f.v: Ingvild Tjoflot Vestre, Thea Gullhaug, Lina Hansen, Julie Johannessen, Hanna Olene Landa Eikeland, Andre rekke f.v: Sokneprest Kristian Kyllingstad, Ramona Lint, Tonje Frøyland, Tiril Hundhammer Reed, Karina Stople, Tuva Åserud, Karine Nesheim. Tredje rekke f.v: Lenard Ivar Bongen Amundsen, Natan Örn Ingolfsson, Gabriel Fjeldheim, Kim Einem, Sondre Dagsland Bråthen, Glen Espeset Landa, Hogne Ohm Børretzen

## Imsland

Fotograf Janne Kvanåli



Prest Tsegayesus Hurisa Hunde, Torstein Øvregård, Sara Marvik Johansen og Mathias Haugland Rønnevik

## Bjoa

Fotograf: Lyla Granberg



Thelma Vestbø Reimers, Samuel Torsen, Nora Eikehaugen, prest Kari Vik Stuhaug.



Di stemme er med på å bevare Den norske kyrkja som den største demokratiske medlemsorganisasjonen i landet.

Foto: Kyrkjearådet

## Di stemme tel i Kyrkjevalet

Av Tove Marie Sortland  
**Stavanger bispedømme**

**Er du ein av dei 3,7 millionane som er medlem i Den norske kyrkja? Då er stemma di viktig i Kyrkjevalet! Når du stemmer, gir du ein tommel opp til den lokale kyrkjelyden din, og du er med på å bestemme kven som skal leie den framover.**

Korleis hadde lokalsamfunnet vårt sett ut utan kyrkja? Korleis ville landet vårt vore utan ei folkekirkje? Kyrkja er til stades over alt i Noreg. Den tek del i kvardagslivet våre og ved større og mindre hendingar i livet. I sorga og festen, i trøysta, songen, leiken og gleda. Kyrkja er open for alle, frå vogge til grav. Kyrkja har rom for deg!

Korleis vil du at kyrkja skal vera? Ved Kyrkjevalet 8.-9. september har du høve til å påverka. På same tid som det er val til kommunestyre og fylkesting, -og i eit vallokale like ved, kan du også stemma fram kven som skal leia kyrkja på lokal, regionalt og nasjonalt nivå. Du kan også stemma på førehand frå 10. august til 6. september på kyrkjekontoret i Skjold kyrkje, i kontoret si opningstid mandag - fredag kl. 08:00-15:30. Sokneråda vil i kvart sokn skipa til førehandsröysting, som blir kunngjort lokalt.

### To val

Kyrkjevalet er to val: Du kan stemma på kandidatar til soknerådet, og

til bispedømerådet og Kyrkjemøtet.

Til soknerådsvala i Vindafjord har ein gjeng flotte medlemer sagt ja til å vera kandidatar til sokneråda og til å leia kyrkjelydane dei fire neste åra. Dette er eit fleirtalsval, der du har høve til å gje inntil tre kandidatar ei ekstrastemme. Kandidatane med flest stemmer blir med i rådet.

Ved val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet i Stavanger bispedøme stiller: Bønnelista, Nominasjonskomiteens liste og Åpen folkekirke, lister. Dette er eit forholdstalsval, der den endelege samansetjinga av rådet speglar både kor mange stemmer som gjekk til kvar enkelt liste og til kvar kandidat. Veljarane kan gje ekstra stemme til tre kandidatar og i tillegg flytta over inntil tre namn frå andre lister til den lista dei stemmer på.

Kvart av dei elleve bispedøma i landet vårt har eit bispedømeråd. Rådet tilset mellom anna prestar og leier bispedømet saman med biskopen. Medlemene av bispedømerådet er også medlemer av Kyrkjemøtet, det øvste representative organet i Den norske kyrkja.

### Frå juss til gudsteneste

Arbeidet til soknerådet og bispedømerådet spenner over mange tema. Det kan vera barne- og ungdomsarbeid, juss og økonomiforvaltning, tilsetjingar, gudstenester, miljø og rettferd, omsorg, musikk og misjon.

Råda skal sørja for vekst og næring til kyrkja og lokalsamfunnet der du bur.

Fyrste veka i august får alle medlemene i Den norske kyrkja eit valkort og ein brosjyre om valet. Følg med i postkassa, møte opp og stem!

Les meir om kandidatane til begge vala her i bladet eller på [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no)

Godt val!

### Vissste du at...

- Ved kyrkjevalet i 2015 stemde 520 323 kyrkjemedlemer. Det var ei rekorddeltaking på 16,7 prosent.
- Ca. 3,1 millionar nordmenn har rett til å stemme ved Kyrkjevalet 8.-9. september.
- Du må vera døypt for å vera medlem i Den norske kyrkja.
- Ungdom har stemmerett i Kyrkjevalet frå året dei fyller 15.
- Eit sokneråd har 4-10 medlemer, i tillegg til soknepresten. Medlemene har ulik utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er også aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet.
- Til saman skal 7.000 rådsmedlemer bli stemde inn i Kyrkjevalet 2019.



Skjold kyrkje

## Skjold kyrkje 20 år

Av Gunnar Listog

**16. mai 1999 vart kyrkja i Skjold innvia, nesten sju år etter den fatale brannen 13. september 1992. Den vakre katedralen som vart bygd i 1887, var blitt påtend og brann ned til grunnen denne septembernatta.**

**No har den nye kyrkja tent bygda i 20 år. Folket her i Skjold er både glade i og stolte av kyrkja si.**

### Stort engasjement

Både under planprosessen og byggjeprosessen var det stort engasjement. Folket i Skjold hadde meininger, og dei ville vera med. Og dugnadsinnsatsen viste att. Ein dugnad verdsett til om lag 2,4 millionar kroner talar sitt tydelege språk. Det er nok rett å seia at dugnad og gåver

gjorde det mogeleg å ferdigstilla både kyrkjebygget og uteanlegget i 1999. Ved innviinga stod berre ungdomslokala i kjellaren att, men alt i 2001 byrja arbeidet også her, på dugnad!

### Romsleg kyrkje

Skjold kyrkje er ei moderne kyrkje som samstundes rommar det høgtidelege. Ho er god å koma til både for småbarnsforeldre og gamle. Kyrkja inneheld rom for mange ulike aktivitetar. På mange måtar er ho både ei gudstenestekyrkje og ei kulturkyrkje. I kjellaren har både prest og kyrkjeverje kontor, og i ungdomslokala har mellom anna speidarane sin fasete tilhaldsstad.

Hovudetasjen inneholder også ein sidesal som vert nytta når frammøtet er stort, men sidesalen kan nyttast

for seg ved mindre arrangement, t.d. ved pensjonisttreff. Kjøkkenet gjer det mogeleg å servera både kaffi og mat.

### Låg dørstokk

I løpet av desse 20 åra har aktivitetane vore mangfoldige. Alt i veka etter innviinga var her både kyrkjespel og storkonsert med Sigvert Dagsland. I mange år hadde òg Sildajazzzen i Haugesund konsert i kyrkja.

Aktivitetane har vore varierte, - både for dei mange, men også «smale arrangement», for spesielt interesserte.

Skjold kyrkje er bygd for aktivitet. Ein må derfor vona at ho vert allsidig nytta òg i åra som kjem, og at kyrkjevegen vil vera både velbruka og tydeleg.

# Sommarleirar Stemnestaden



**Barneleirer**  
arr.: Acta-barn og unge i Normisjon  
Påmelding: checkin.no (søk på namnet på leiren), eller mail til kjersti.bjerga@normisjon.no

**Minileir 7.-9.juni**  
4-7 år (f.2012-2015)  
i følge med en voksen

**Aktivitetsleir 21.-23.juni**  
5.-7.kl (f.2006-2008)

**Amigosleir 3 24.-26.juni**  
1.-4.kl (f.2009-2012)  
Sommerleir 27.-30.juni  
Arr.: Normisjon Rogaland.

## Sommerleir 27. - 30. juni

### Leir for deg med en utviklings-hemming og andre over 18 år.

I år for 39. gong. Her gjer vi mykje artig i lag. Gjennom morosame aktivitetar som sang, musikk, leik. Å spela spel eller mala. Vi skal ha flotte bibelsamlingar kor vi lærer meir om den kristne trua og vi går på tur i den nydelege naturen ved leirstaden. Søndagen deltar vi på gudsteneste i Skjoldastrauen før leiren vert avslutta med ein god middag på leirstaden.

Påmelding snarast til:  
kraftsenteret@gmail.com  
Arr.: Normisjon Rogaland.

**Minileir** er eit godt tilbod både for dei små og for dei vaksne. Velkommen til ei helg der ein får vera ilag, høyra og synga om Jesus, leika, får servert mat og endå noko meir.

**Amigosleir og Aktivitetsleir** er for deg som går på skulen og vil oppleva leir. Du kan vera med på bading, sport og leiker. I tillegg får du høyra meir om Jesus, syngja i lag, læra om Bibelen og mykje anna. Vil du ha ein liten ferie åleine utan mor/far, så ver med på leir!

# Sommarleirar Brandøy

misjons- og konferansesenter



**Sommarminileir** for 2. - 4. klasse  
25. - 27. juni

**Sommarleir** for 5. - 7. klasse  
27. - 30. juni

**Familieleir** 3. - 7. juli

**Active Ten** for 8. klasse +  
8. - 11. august

**Brandøyhelg** 24. - 25. august

**Kvinnehelg** 6. - 8. sept

Meir informasjon og påmelding på [www.indremisjonssamskipnaden.no](http://www.indremisjonssamskipnaden.no)



LUNDENESET VGS  
- en kristen internatskole i Ølen svåg

**Vi tilbyr**

- Medieproduksjon
- Service og samferdsel
- Studiespesialisering
- Påbygging til generell studiekompetanse

Les mer på [www.lvs.no](http://www.lvs.no)



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12



Vikebygd Landhandel AS  
Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - [joker.vikebygd@ngbutikk.net](mailto:joker.vikebygd@ngbutikk.net)



GRANBERG  
GARVERI<sup>as</sup>  
Bjoavegen 187 - 5582 Ølen svåg  
Tlf. 52 76 50 00 [www.granberggarveri.no](http://www.granberggarveri.no)

**Brandøyhelg** 24. - 25. august

Indremisjonssamskipnaden og Brandøy Misjons- og konferansesenter inviterer til stemnehelg på Brandøy, Bjoa.

**Laurdag 24. august**  
**16.00-17.30 Seminar "Herrens tenestefolk"**  
Eit engasjert foredrag ved Svein Helge B. Torsteinsbø. 23-åringen er ekte bedehusentusiast og kjend frå mellom anna dokumentaren "Jesus lever på Karmøy".

**18.00 Stor middags- og dessertbuffet**  
**19.30 Konsert med Morten Samuelsen**  
Tema: Med salmar i sentrum

**Søndag 25. august**  
**11.00 Festmøte tale av Ragnar Ringvoll**  
**11.00 Speedleir for borna** Etterpå Sal av middag  
**14.00 Familiemøte tale av Marit Andresen Røen**  
Mogleg å bestille overnatting mellom dagane.  
Sjå indremisjonen.no for påmelding og prisar.



**GRAVSTEIN**

Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

[www.skattkjaer.no](http://www.skattkjaer.no)



**Skattkjær Skiferindustri as**  
Ørpelheitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90  
Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.



**BLOMAR TIL GRAVFERD**  
Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

**Ølen Blomster**  
Tlf. 53 76 88 35 • [www.olensenter.no](http://www.olensenter.no)



**STELL AV GRAVPASSER**  
Kontakt Avdeling Vepro  
Tlf 932 16 679/ 52 75 88 60



**Ølen Betong**  
Tlf. 5377 5200 - [www.olenbetong.no](http://www.olenbetong.no)





**tsrevisjon**  
Autorisert regnskapsførerselskap  
[www.tsrevisjon.no](http://www.tsrevisjon.no)  
Karmsundsgata 4 • 4250 Kopervik



# VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Dato	Kyrke / stad	Kl.	Tittel	Informasjon	Preiketekst
07.06.2019	Vats kyrkje	09.00	Gudsteneste	Skulegudsteneste Vats	
09.06.2019	Vikedal kyrkje	11.00	Familiegudsteneste	Dåp, Nattverd, utdeling av 6-årsbok og brubyggjaren, takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Joh. 14, 23-29
09.06.2019	Ølen kyrkje	11.00	Gudsteneste	Dåp, Nattverd, takkoffer: Bibelselskapet	Joh. 14, 23-29
09.06.2019	Skjold kyrkje	11.00	Gudsteneste	Dåp, takkoffer	Joh. 14, 23-29
13.06.2019	Vindafjordtunet	11.00	Gudsteneste	Nattverd	
16.06.2019	Bjoa kyrkje	11.00	Familiegudsteneste	Dåp, takkoffer: Evangeliesenteret	Ap.gj. 17, 22-34
16.06.2019	Imsland kyrkje	11.00	Gudsteneste	Nattverd, takkoffer: Det norske Misjonsselskap	Ap.gj. 17, 22-34
16.06.2019	Refsnes, Vats	11.00	Familiegudstjeneste	Dåp, takkoffer	Ap.gj. 17, 22-34
21.06.2019	Ølen omsorgssenter	11.00	Gudsteneste	Nattverd	
23.06.2019	Skjold kyrkje	11.00	Gudsteneste	Dåp, Nattverd, takkoffer	Joh. 3, 1-13
23.06.2019	Ølen kyrkje	11.00	Gudsteneste	Dåp, Nattverd, takkoffer: NLA høgskolen	Joh. 3, 1-13
23.06.2019	Sandeid kyrkje	11.00	Gudsteneste	Dåp, Nattverd, takkoffer: Det norske Misjonsselskap	Joh. 3, 1-13
30.06.2019	Vikebygd kyrkje	10.00	Gudsteneste	Dåp, Nattverd, takkoffer: Det norske Misjonsselskap	Mark. 10, 13-16
30.06.2019	Sandeid kyrkje	12.00	Gudsteneste	Nattverd, takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Mark. 10, 13-16
07.07.2019	Vats kyrkje	10.00	Gudsteneste	Dåp, Nattverd, takkoffer	Matt. 9, 35-38
07.07.2019	Imsland kyrkje	12.00	Gudsteneste	Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Matt. 9, 35-38
14.07.2019	Vindafjordmusætet	12.00	Familiegudsteneste	Rootsgudsteneste (Sjå plakatar)	Matt. 18, 12-18
14.07.2019	Ølen kyrkje	17.00	Gudsteneste	Takkoffer	Matt. 18, 12-18
21.07.2019	Skjold kyrkje	10.00	Gudsteneste	Dåp, Nattverd, takkoffer	Mark. 3, 13-19
21.07.2019	Bjoa kyrkje	12.00	Gudsteneste	Takkoffer	Mark. 3, 13-19
28.07.2019	Sandeid kyrkje	10.00	Gudsteneste	Nattverd, takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Fil. 1, 20-26
28.07.2019	Vats kyrkje	19.00	Gudsteneste	Nattverd, takkoffer	Fil. 1, 20-26
04.08.2019	Imsland kyrkje	10.00	Høgmesse	Nattverd, takkoffer: Diakoniarbeidet	Mark. 12, 28-34
04.08.2019	Vikebygd kyrkje	11.00	Gudsteneste	Dåp, Nattverd, takkoffer	Mark. 12, 28-34
11.08.2019	Vikedal kyrkje	10.00	Høgmesse	Nattverd, takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Luk. 6, 36-42
11.08.2019	Skjold kyrkje	12.00	Gudsteneste	Dåp, Nattverd, takkoffer	Luk. 6, 36-42
11.08.2019	Romsa	12.00	Gudsteneste	Romsagudsteneste - felles Ølen og Bjoa. Samarbeid med Båtlaget og Kystbåtlaget. Jan og Lena D. Husebø	Luk. 6, 36-42
18.08.2019	Vats kyrkje	10.00	Gudsteneste	Dåp, Nattverd, takkoffer	Mark. 11, 25-26
18.08.2019	Ølen kyrkje	12.00	Gudsteneste	Misjonssøndag, takkoffer: Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt	Mark. 11, 25-26
25.08.2019	Sandeid kyrkje	11.00	Familiegudsteneste	Presentasjon konfirmantar, takkoffer	Joh. 8, 31-36
25.08.2019	Skjold kyrkje	11.00	Gudsteneste	Nattverd, presentasjon konfirmantar og 50-årskonfirmantar, takkoffer	Joh. 8, 31-36

Vi ønsker deg ein god sommar og fin ferie. Ver velkommen til gudsteneste også i dei andre kyrkjene enn den du soknar til.

Preiketeksten er sett opp for kvar søndag, ovanfor. Les den gjerne sjølv også.

**"Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast"** (Hebr. 10,25)

Sjå meir informasjon på: [vindafjord.kyrkjer.no](http://vindafjord.kyrkjer.no)

## FRÅ KYRKJEBOKA

	Døpte	Vigde	Døde
<b>Bjoa</b>	05.05.19 Klaus Solheim-Gangstø		31.03.19 Alfred Apalvik f. 1927 05.04.19 Nils Apalvik f. 1936
<b>Ølen</b>	21.04.19 Ingrid Fredriksen Haugland Myrhau		24.03.19 Eldrid Haugland f. 1932 27.03.19 Borgny Ottøy Olsen f. 1949 06.04.19 Georg Daniel Fjeldheim f. 1932 13.04.19 Lillian Jakobsen f. 1929 02.05.19 Trygve Lunde f. 1937
<b>Vats</b>	31.03.19 Sjur Matre Gundersen 31.03.19 Amanda Hornenes Eide 21.04.19 Åge Nickolai Randa Olderøy		16.04.19 Ruth Frøland f. 1926
<b>Vikedal</b>	13.04.19 Magnus Lien	13.04.19 Kjerstina Særsten og Jarl Magnus Lien	30.03.19 Vidar Holthe f. 1934 25.04.19 Helena Grimås f. 1946
<b>Vikebygd</b>	14.04.19 Vårin Gausvik Gustafsson		

## MØTE OG ARRANGEMENT

### Kårhus bedehus

9.6. søndag 11:00 Endeleg søndag

### Innbjoa bedehus

12.6. onsdag 10:00 Bønnemøte  
19.6. onsdag 10:00 Bønnemøte  
26.6. onsdag 10:00 Bønnemøte

### Vågen bedehus - vaagenbedehus.no

8.6. lørdag 20:00 Loftet  
9.6. søndag 19:30 Søndagsmøte. Taler: Magne Austneberg  
12.6. onsdag 19:30 Bønnemøte  
16.6. søndag 11:00 Søndagsmøte. Taler: Arnt Magne Granberg  
19.6. onsdag 19:30 Bønnemøte  
30.8. fredag 19:30 Møte Åpningshelg Talar: Erik Furnes  
31.8. lørdag 11:00 Bibeltime Åpningshelg Talar: Erik Furnes  
31.8. lørdag 18:00 Generasjonssamling Åpningshelg Talar: Erik Furnes  
1.9. søndag 19:30 Søndagsmøte Åpningshelg Talar: Erik Furnes

### Sandeid bedehus

10.6. mandag 19:00 Bønnemøte  
17.6. mandag 19:00 Sommaravslutning - Sangkveld  
24.6. mandag 19:00 Bønnemøte

### Bedehusa i Skjold

16.6. sundag 16:30 Skjold Arena: Familie-KRIK  
23.6. sundag Austrheim: St. Hansfeiring

### Kyrkjetunet i Ølen

06.06. torsdag 11:00 Torsdagstreff  
06.06. torsdag 17:30 Internasjonalt treffpunkt  
12.06. onsdag 19:30 Bønemøte  
13.06. torsdag 17:30 Internasjonalt treffpunkt  
14.06. fredag 19:30 Bønn og lovsang - Fellesskap på tvers  
19.06. onsdag 19:30 Bønemøte  
20.06. torsdag 17:30 Internasjonalt treffpunkt  
21.06. fredag 19:30 Credo - ungdomskveld  
22.08. torsdag 17:30 Internasjonalt treffpunkt  
23.08. fredag 19:30 Credo - ungdomskveld  
29.08. torsdag 17:30 Internasjonalt treffpunkt  
05.08. torsdag 17:30 Internasjonalt treffpunkt  
6.-8.09. fre-søn Semesterstart  
12.09. torsdag 17:30 Internasjonalt treffpunkt  
12.09. torsdag 19:00 Bibelreisen ved Per Hjemdal  
13.-15.09. fre-søn Mulig møtehelg

19.09. torsdag 17:30 Internasjonalt treffpunkt  
19.09. torsdag 19:00 Bibelreisen ved Per Hjemdal

24.-29.09. Møteveke med Steinar Harila  
30.09. mandag 19:30 Misjonsforum NMS

### Ilsvåg Bygdehus

misjonsbasar 20 juli kl. 19:00. For NMS – sjå annonse i avis.

### Alle velkommen

### Basar på Vikebygd bedehus

Fredag 9. august kl. 18:00. Andakt v/Dagfinn Misje. Kristian og gjengen spelar og syng. Arr.: Vikebygd Sjømannsforening

### Sommarfellesskap ved Imslandssjøen

1. og 2. august er alle hjarteleg velkomne til Imsland. Fra kl.18:00 set me kaffitaktaren på, det blir god tid til drøs, song og musikk, tema: Trygghet. Ta med deg ein nabo og bli med!

### Utbjøa bedehus

Basar laurdag 29. juni kl. 16:00. For NMS. Velkommen

### Driv du kristent barne- og ungdomsarbeid?

Sokneråda i Vindafjord tilbyr støtte til oppstart av nye tiltak, arrangement, utviklingsarbeid og leiarstreining eller kurs. Felles utval for trusopplæring (FUT) i Vindafjord disponerer på vegne av sokneråda pengar som blir samla inn til trusopplæring. Av desse midlane har FUT vedtatt å tildela stønad til frivillige lag og organisasjoner etter søkerad.

Midlane vil bli tildelt fortløpende etter søkerad. Det er sett av ein viss sum årleg. Dersom søkeradsmengda overstig denne summen må det leggjast fram for sokneråda om det kan løvvast meir midlar. Meir informasjon, retningsliner og fastsett søkeradsskjema, finn du på web: [vindafjord.kyrkjer.no](http://vindafjord.kyrkjer.no) Har du spørsmål? Kontakt kateket Britt Karstensen: [britt.karstensen@vindafjord.kommune.no](mailto:britt.karstensen@vindafjord.kommune.no) tlf. 45 22 15 80.

### Stoff og kunngjeringar til Hyrdingen for hausten

Vi må starta opp arbeidet med neste nummer tidleg i august. Dersom du har stoff eller kunngjeringar og varslar oss om dette, kan vi ta imot avtalt stoff heilt fram til 15. aug. Send oss ein e-post før 3. aug. om dette er aktuelt.

## VIKESTØLSMØTET 7. JULI



Bilete frå  
Vikestølsmøtet 2015.

Gjennom snart 120 år har folk frå bygdena i det som nå kallas Vindafjord kome saman til sommarstemme og kristne møter på Vikestølen. Tidleg på 1900 talet var her stølsdrift for gardar i Vikebygd. Den tida er over, men idrettslaget i Bjoa og Vikebygd fekk i 1969 flytt opp hit eit gammalt skulehus frå Bjoa som er omgjort til hytte. Staden er for mange eit turmål på gode skogsvegar frå Eikås og Vikevik.

Tidlegare sokneprest Harald Einveit blir i år hovudtalar på stemmemøtet som tek til klokka 12:00.

Etter ei matøkt med tid for niste og drøs, blir det også ettermiddagsmöte klokka 14:00.

Song og musikk høyrer med og det

blir teke opp ein kollekt til arbeidet. Ta turen på god skogsveg frå Eikås på Bjoa eller frå Vikebygd (1 t) Ein prøver å ordna skyss opp for eldre som synes turen blir for tung (tlf. 90873170 / 95217818) Vikestølsmøtet vert arrangert av eit styre med ein representant frå kvar av dei fem kyrkjesokna som ligg rundt dette fjellet. I styret set nå: Hans Asbjørn Åsbø (Bjoa), Olav Granberg (Ølen), Endre Stople (Skjold), Steinar Skartland (Vikebygd) og Jørgen J. Landa (Vats).



# Overnattingstur i strålende sol

Av Iselin Eidhammer Tveit

**11. - 12. mai inviterte Familiespeidning Skjold/Vikebygd og Familie-KRIK Skjold til felles overnattings-tur på Refsnes i Vats.**

Dei to organisasjonane har ein del felles, og dette gjorde Geir Tore Sørhus eit poeng ut av laurdag kveld, då

han opna kveldssamlinga: Ikledd både KRIK t-skjorte og eige speidarskjarf, trakk han fram at K-en, det kristne verdigrunnlaget, ligg i botn for begge organisasjonane. Det var lagt opp til at det var mogleg å berre vere med på laurdagen utan å overnatta, og det var det fleire som nytta seg av. Rundt 80 store og små var innom og fekk med seg sporlek, kveldssamling og

leirbål laurdag ettermiddag og kveld, medan rundt 40 speidrarar og KRIK-aran blei igjen og overnatta til søndag. Turen blei avslutta med ein felles Scouts Own – speidarane sin eigen minigudsteneste – der ungane deltok både med dramatisering og song.

Takk for turen!



**Åndaktstelenon**  
**380 91 700**  
Åpent hele dagret!  
Ny åndakt tirsdag og fredag  
Tjenesten er gratis

**Korleis har du det...  
EIGENTLEG?**  
Eit menneske å snakke med  
når livet er som verst  
SOS-Chat: [www.soschat.no](http://www.soschat.no)  
SOS-melding: [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

Neste nummer av Hyrdingen  
kjem ut 29. august  
Frist for levering av stoff er  
3. august